

Kunsthøgskolen i Oslo  
Statens Teaterhøgskole  
3. klasse instruktørlinja  
3. klasse skuespillerlinja

Ei elv renn gjennom området.

Ein vaktmanns roping: slag av jarn mot jarn, av jarn mot tre,  
som følgjer piggråden som ein låt eller ei melding i kode; barriere mot bråket frå  
buskaset kringom bustadområdet.

Brua: To symmetriske byggverk, kvite og gigantiske, av betong og jarn, ris opp or den  
raude sanden på begge sider. Dei møtest ikkje, under ein uendeleg tom himmel over ei  
skiten elv.

”Barnet, som vart fødd honom i eksil, hadde han kalla Noufia, som tyder: avla i  
ørkenen.”

Eit fransk entrepenørfirma har leia bygginga av ei bru i Vest-Afrika, men prosjektet er i  
ferd med å nedleggast. Sjefen for anlegget har mot alle odds fått seg ei kvinne som han  
skal gifte seg med. Ho er nett komen på vitjing frå Paris og i denne anledning har sjefen  
planlagt ein fest. Medan sjefen var og henta kvinna på flyplassen, har ingeniøren drepe  
ein arbeidar og heve liket i kloakkelva. Historia tek til når ein ukjend afrikanar kjem for å  
hente liket av sin daude bror.

Alboursy, Konge av Douliouff (Wolof) i 19.hundreåret. Motsette seg kvit inntrenging.  
Toubab (hund): vanleg nemning på kvite i visse delar av Afrika.

Bernhard-Marie Koltés / Torkil Sandsund

# neger og hundar i kamp

bernhard-marie koltés

Speleperiode  
Stad  
Tid

27.april – 5.mai 2004  
Scene 3  
2 timar inkl.15 min. pause

Vår 2004